

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 BERGEN

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ina Giil Solheim

Telefon: 91888890

Vår referanse: 18/5903

Dykkar 2018/3956 461.5

referanse:

Dato: 14.05.2018

Att:

Silje Tingstad

Lindås kommune Hordaland - Uttale til søknad om mudring ved gnr244 bnr13 og dumping av massane på djupt vatn i Osterfjorden Eidsnesvegen 205

Vi viser til brev frå Fylkesmannen i Hordaland, datert 13.04.2018, om ovannemnde sak.

Om søknaden

Tiltakshavar ønsker å mudre om lag 300 m³ masser ved kai på privat eigedom ved gnr. 244 bnr. 13 i Lindås kommune. Det er ingen kjente forureiningskjelder i området. Søker ønsker å dumpe massane på djupt vatn i Osterfjorden.

Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Vår uttale

Det er registrert gytefelt for torsk, hyse og sild og fiskeplass der det vert nytta passive reiskap i området det vert søkt om dumping av masser. Det er også registrert ein låssettingsplass i Eiknesvågen. Området er ikkje sett av til dette føremålet i arealplanen, og det er uvisst kor mykje denne er i bruk. Fiskeridirektoratet region Vest ber om at mudring og dumping skjer på den tida av året då det marine livet i strandsona er mest i ro og utanom gytetida til torsken. Tiltaket bør utførast i tidsrommet frå oktober til desember.

Det ligg også ein akvakulturlokalitet (Fyllingsnes) for matfisk ca. 3,2 km frå dumpingplass. Innehavarane Eide Fjordbruk og Ewos Innovation AS får kopi av vår uttale slik at dei er orientert.

Sjå vedlagt kart med fiskeri- og akvakulturinteressene i området.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Giil Solheim
inspektør

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------

Kopi til:

Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Eide Fjordbruk AS		5640	EIKELANDSOSE N
Ewos Innovation AS	Postboks 153	6901	FLORØ
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Lindås kommune	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Osterøy kommune	RÅDHUSET	5282	LONEVÅG
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Postboks 7800	5020	BERGEN

Vedlegg

Lindås kommune mudring og dumping Eiknesvågen